

DELEGERT KOMMISJONSFORORDNING (EU) NR. 518/2014**2018/EØS/76/39**

av 5. mars 2014

om endring av delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1059/2010, (EU) nr. 1060/2010, (EU) nr. 1061/2010, (EU) nr. 1062/2010, (EU) nr. 626/2011, (EU) nr. 392/2012, (EU) nr. 874/2012, (EU) nr. 665/2013, (EU) nr. 811/2013 og (EU) nr. 812/2013 med omsyn til merking av energirelaterte produkt på internett(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU av 19. mai 2010 om merking av og standardiserte vareopplysningar på energirelaterte produkt, som viser forbruket deira av energi og andre ressursar⁽¹⁾, særleg artikkel 7 og 10, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av direktiv 2010/30/EU skal Kommissjonen fastsetje nærmare reglar for merking av energirelaterte produkt gjennom delegerte rettsakter som inneheld tiltak for å sikre at potensielle sluttbrukarar får dei opplysningane som står på etiketten eller i produktdatabladet ved fjernsal, medrekna sal gjennom postordre, katalog, telefon eller internett.
- 2) Ved fjernsal skal opplysningane på etiketten, slik det er fastsett i dag, stå i ei viss rekkjefølgje. Det er i dag likevel ikkje noko krav om å vise sjølve etiketten eller produktdatabladet. Når sluttbrukarar skal kjøpe eit produkt via fjernsal, har dei såleis dårlegare føresetnader for å kunne ta meir medvitne val, fordi dei verken vert rettleidde av fargeskalaen på etiketten eller informerte om kva energimerkingsklasse som er den beste for produktgruppa, og får heller ikkje tilgang til dei tilleggsopplysningane som er førte opp i produktdatabladet.
- 3) Fjernsal på internett utgjer ein stadig større del av salet av energirelaterte produkt. Ved sal på internett er det mogleg å vise etiketten og databladet utan at den administrative byrda vert større. Forhandlarane bør difor vise etiketten og databladet ved sal på internett.
- 4) For at etiketten og databladet skal kunne visast på internett, bør leverandørane skaffe forhandlarane ein elektronisk versjon av etiketten og databladet for kvar einskild modell av energirelaterte produkt, t.d. ved å gjere dei tilgjengelege på ein nettstad der dei kan lastast ned av forhandlarane.
- 5) For at krava i denne forordninga skal gjennomførast som ein del av vanlege forretningsrutinar, bør leverandørar vere plikta til å gjere etiketten og databladet tilgjengelege elektronisk berre for nye modellar, og ved oppgradering av eksisterande modellar, noko som i praksis vil seie modellar med ny modellnemning. For eksisterande modellar bør det vere valfritt om det skal leggjast fram ein elektronisk versjon av etiketten og databladet.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 147 av 17.5.2014, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 24/2016 av 5. februar 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 45 av 20.7.2017, s. 37.

(1) TEU L 153 av 18.6.2010, s. 1.

- 6) Ettersom det vil krevje meir plass på skjermen å vise etiketten og databladet ved sidan av produktet, bør det vere tillate å vise dei med nesta vising.
- 7) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1059/2010⁽¹⁾, (EU) nr. 1060/2010⁽²⁾, (EU) nr. 1061/2010⁽³⁾, (EU) nr. 1062/2010⁽⁴⁾, (EU) nr. 626/2011⁽⁵⁾, (EU) nr. 392/2012⁽⁶⁾, (EU) nr. 874/2012⁽⁷⁾, (EU) nr. 665/2013⁽⁸⁾, (EU) nr. 811/2013⁽⁹⁾ og (EU) nr. 812/2013⁽¹⁰⁾ bør difor endrast.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Endringar av delegert forordning (EU) nr. 1059/2010

I delegert forordning (EU) nr. 1059/2010 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) Ny bokstav f) skal lyde:

«f) ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg I, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild hushaldsoppvaskmaskinmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Etikettar for andre hushaldsoppvaskmaskinmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

b) Ny bokstav g) skal lyde:

«g) eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg II, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild hushaldsoppvaskmaskinmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Produktdatablad for andre hushaldsoppvaskmaskinmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

2) I artikkel 4 skal bokstav b) lyde:

«b) hushaldsoppvaskmaskiner som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå hushaldsoppvaskmaskina stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som er gjevne av leverandørane i samsvar med vedlegg IV. Dersom produktet vert tilbode på internett og ein elektronisk etikett og eit elektronisk produktdatablad er gjorde tilgjengelege i samsvar med artikkel 3 bokstav f) og g), skal føresegnene i vedlegg VIII nyttast i staden.»

3) Vedlegg VIII vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg I til denne forordninga.

- (1) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1059/2010 av 28. september 2010 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldsoppvaskmaskiner (TEU L 314 av 30.11.2010, s. 1).
- (2) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1060/2010 av 28. september 2010 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av kjøleapparat til hushaldsbruk (TEU L 314 av 30.11.2010, s. 17).
- (3) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1061/2010 av 28. september 2010 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldsvaskemaskiner (TEU L 314 av 30.11.2010, s. 47).
- (4) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 1062/2010 av 28. september 2010 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av fjernsyn (TEU L 314 av 30.11.2010, s. 64).
- (5) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 626/2011 av 4. mai 2011 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av klimaanlegg (TEU L 178 av 6.7.2011, s. 1).
- (6) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 392/2012 av 1. mars 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldstørketromlar (TEU L 123 av 9.5.2012, s. 1).
- (7) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 874/2012 av 12. juli 2012 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av elektriske lampar og lysarmaturar (TEU L 258 av 26.9.2012, s. 1).
- (8) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 665/2013 av 3. mai 2013 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av støvsugarar (TEU L 192 av 13.7.2013, s. 1).
- (9) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 811/2013 av 18. februar 2013 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av anlegg for romoppvarming, anlegg for rom- og tappevannoppvarming, pakker med anlegg for romoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning samt pakker med anlegg for rom- og tappevannoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning (TEU L 239 av 6.9.2013, s. 1).
- (10) Delegert kommisjonsforordning (EU) nr. 812/2013 av 18. februar 2013 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av vassvarmarar, varmtvassbeholdarar og pakkar med vassvarmar og solvarmeinnretning (TEU L 239 av 6.9.2013, s. 83).

*Artikkel 2***Endringar av delegert forordning (EU) nr. 1060/2010**

I delegert forordning (EU) nr. 1060/2010 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) Ny bokstav f) skal lyde:

«f) ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg II, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild modell av kjøleapparat til hushaldsbruk som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Etikettar for andre modellar av kjøleapparat til hushaldsbruk kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

b) Ny bokstav g) skal lyde:

«g) eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild modell av kjøleapparat til hushaldsbruk som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Produktdatablad for andre modellar av kjøleapparat til hushaldsbruk kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

2) I artikkel 4 skal bokstav b) lyde:

«b) kjøleapparat til hushaldsbruk som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå produktet stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg V. Dersom produktet vert tilbode på internett og ein elektronisk etikett og eit elektronisk produktdatablad er gjorde tilgjengelege i samsvar med artikkel 3 bokstav f) og g), skal føresegnene i vedlegg X nyttast i staden.»

3) Vedlegg X vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg II til denne forordninga.

*Artikkel 3***Endringar av delegert forordning (EU) nr. 1061/2010**

I delegert forordning (EU) nr. 1061/2010 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) Ny bokstav f) skal lyde:

«f) ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg I, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild hushaldsvaskemaskinmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Etikettar for andre hushaldsvaskemaskinmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

b) Ny bokstav g) skal lyde:

«g) eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg II, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild hushaldsvaskemaskinmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Produktdatablad for andre hushaldsvaskemaskinmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

2) I artikkel 4 skal bokstav b) lyde:

«b) hushaldsvaskemaskiner som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå produktet stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg IV. Dersom produktet vert tilbode på internett og ein elektronisk etikett og eit elektronisk produktdatablad er gjorde tilgjengelege i samsvar med artikkel 3 bokstav f) og g), skal føresegnene i vedlegg VIII nyttast i staden.»

3) Vedlegg VIII vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg III til denne forordninga.

*Artikkel 4***Endringar av delegert forordning (EU) nr. 1062/2010**

I delegert forordning (EU) nr. 1062/2010 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 skal ny bokstav f) lyde:

«f) ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg V, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild fjernsynsmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Etikettar for andre fjernsynsmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

b) I nr. 1 skal ny bokstav g) lyde:

«g) eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild fjernsynsmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Produktdatablad for andre fjernsynsmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

2) I artikkel 4 skal bokstav b) lyde:

«b) fjernsyn som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå fjernsynet stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg VI. Dersom produktet vert tilbode på internett og ein elektronisk etikett og eit elektronisk produktdatablad er gjorde tilgjengelege i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav f) og g), skal føresegnene i vedlegg IX nyttast i staden.»

3) Vedlegg IX vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg IV til denne forordninga.

*Artikkel 5***Endringar av delegert forordning (EU) nr. 626/2011**

I delegert forordning (EU) nr. 626/2011 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 skal ny bokstav h) lyde:

«h) Ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild klimaanleggmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning, og som er i samsvar med dei energieffektivitetsklassane som er fastsette i vedlegg II. Etikettar for andre klimaanleggmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

b) I nr. 1 skal ny bokstav i) lyde:

«i) Eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg IV, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild klimaanleggmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Produktdatablad for andre klimaanleggmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

2) I artikkel 4 skal bokstav b) lyde:

«b) Klimaanlegg som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå produktet stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg IV og VI. Dersom produktet vert tilbode på internett og ein elektronisk etikett og eit elektronisk produktdatablad er gjorde tilgjengelege i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav h) og i), skal føresegnene i vedlegg IX nyttast i staden.»

3) Vedlegg IX vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg V til denne forordninga.

*Artikkel 6***Endringar av delegert forordning (EU) nr. 392/2012**

I delegert forordning (EU) nr. 392/2012 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) Ny bokstav f) skal lyde:

«f) ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg I, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild hushaldstørketrommelmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Etikettar for andre hushaldstørketrommelmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

b) Ny bokstav g) skal lyde:

«g) eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg II, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild hushaldstørketrommelmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Produktdatablad for andre hushaldstørketrommelmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

2) I artikkel 4 skal bokstav b) lyde:

«b) hushaldstørketromlar som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå produktet stilt ut, slik det er gjort greie for i artikkel 7 i direktiv 2010/30/EU, skal marknadsførast med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg IV til denne forordninga. Dersom produktet vert tilbode på internett og ein elektronisk etikett og eit elektronisk produktdatablad er gjorde tilgjengelege i samsvar med artikkel 3 bokstav f) og g), skal føresegnene i vedlegg VIII nyttast i staden.»

3) Vedlegg VIII vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg VI til denne forordninga.

*Artikkel 7***Endringar av delegert forordning (EU) nr. 874/2012**

I delegert forordning (EU) nr. 874/2012 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 skal ny bokstav f) lyde:

«f) Ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 1 i vedlegg I, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild lampemodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Etikettar for andre lampemodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

b) I nr. 2 skal ny bokstav e) lyde:

«e) Ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 2 i vedlegg I, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild lysarmaturmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Etikettar for andre lysarmaturmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

2) I artikkel 4 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 skal bokstav a) lyde:

«a) Kvar modell som vert tilboden for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at den endelege eigaren får sjå produktet stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg IV. Dersom produktet vert tilbode på internett og ein elektronisk etikett er gjort tilgjengeleg i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav f), skal føresegnene i vedlegg VIII nyttast i staden.»

b) I nr. 2 skal ny bokstav d) lyde:

«d) For kvar modell som vert tilboden for sal, leige eller kjøp på avbetaling på internett, og som det er lagt fram ein elektronisk etikett for i samsvar med artikkel 3 nr. 2 bokstav e), skal etiketten følgje med i samsvar med vedlegg VIII.»

3) Vedlegg VIII vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg VII til denne forordninga.

*Artikkel 8***Endringar av delegert forordning (EU) nr. 665/2013**

I delegert forordning (EU) nr. 665/2013 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 skal ny bokstav f) lyde:

«f) ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg II, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild støvsugarmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Etikettar for andre støvsugarmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

b) I nr. 1 skal ny bokstav g) lyde:

«g) eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild støvsugarmodell som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med ei ny modellnemning. Produktdatablad for andre støvsugarmodellar kan òg gjerast tilgjengelege for forhandlarane.»

2) I artikkel 4 skal bokstav b) lyde:

«b) støvsugarar som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå produktet stilt ut, slik det er gjort greie for i artikkel 7 i direktiv 2010/30/EU, skal marknadsførast med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg V til denne forordninga. Dersom produktet vert tilbode på internett og ein elektronisk etikett og eit elektronisk produktdatablad er gjorde tilgjengelege i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav f) og g), skal føresegnene i vedlegg VIII nyttast i staden.»

3) Vedlegg VIII vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg VIII til denne forordninga.

*Artikkel 9***Endringar av delegert forordning (EU) nr. 811/2013**

I delegert forordning (EU) nr. 811/2013 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 første leddet skal ny bokstav f) lyde:

«f) Forhandlere skal få tilgang til en elektronisk etikett i det formatet og med de opplysningene som er angitt i vedlegg III nr. 1.1, for hver modell av anlegg for romoppvarming som er i samsvar med de sesongavhengige energieffektivitetsklassene ved romoppvarming som er angitt i vedlegg II nr. 1.»

b) I nr. 1 første leddet skal ny bokstav g) lyde:

«g) Forhandlere skal få tilgang til et elektronisk produktdatablad som angitt i vedlegg IV nr. 1 for hver modell av anlegg for romoppvarming; for modeller av romoppvarmingsanlegg med varmepumpe skal forhandlere minst få tilgang til det elektroniske produktdatabladet for varmegeneratoren.»

c) I nr. 1 skal nytt ledd lyde:

«Fra 26. september 2019 skal forhandlere få tilgang til en elektronisk etikett i det formatet og med de opplysningene som er angitt i vedlegg III nr. 1.2, for hver modell av anlegg for romoppvarming som er i samsvar med de sesongavhengige energieffektivitetsklassene ved romoppvarming som er angitt i vedlegg II nr. 1.»

d) I nr. 2 første leddet skal ny bokstav f) lyde:

«f) Forhandlere skal få tilgang til en elektronisk etikett i det formatet og med de opplysningene som er angitt i vedlegg III nr. 2.1, for hver modell av anlegg for rom- og tappevannoppvarming som er i samsvar med de sesongavhengige energieffektivitetsklassene ved romoppvarming og vannoppvarming som er angitt i vedlegg II nr. 1 og 2.»

- e) I nr. 2 første leddet skal ny bokstav g) lyde:
- «g) Forhandlere skal få tilgang til et elektronisk produktdatablad som angitt i vedlegg IV nr. 2 for hver modell av anlegg for rom- og tappevannoppvarming; for modeller av varmpumpeanlegg for rom- og tappevannoppvarming skal forhandlere minst få tilgang til det elektroniske produktdatabladet for varmegeneratoren.»
- f) I nr. 2 skal nytt ledd lyde:
- «Fra 26. september 2019 skal forhandlere få tilgang til en elektronisk etikett i det formatet og med de opplysningene som er angitt i vedlegg III nr. 2.2, for hver modell av anlegg for rom- og tappevannoppvarming som er i samsvar med de sesongavhengige energieffektivitetsklassene ved romoppvarming og vannoppvarming som er angitt i vedlegg II nr. 1 og 2.»
- g) I nr. 3 skal ny bokstav c) lyde:
- «c) Forhandlere skal få tilgang til et elektronisk produktdatablad som angitt i vedlegg IV nr. 3 for hver temperaturregulatormodell.»
- h) I nr. 4 skal ny bokstav c) lyde:
- «c) Forhandlere skal få tilgang til et elektronisk produktdatablad som angitt i vedlegg IV nr. 4 for hver solvarmeinnretningmodell.»
- i) I nr. 5 skal ny bokstav f) lyde:
- «f) Forhandlere skal få tilgang til en elektronisk etikett i det formatet og med de opplysningene som er angitt i vedlegg III nr. 3, for hver modell av pakker med anlegg for romoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning som er i samsvar med de sesongavhengige energieffektivitetsklassene ved romoppvarming som er angitt i vedlegg II nr. 1.»
- j) I nr. 5 skal ny bokstav g) lyde:
- «g) Forhandlere skal få tilgang til et elektronisk produktdatablad som angitt i vedlegg IV nr. 5 for hver modell av pakker med anlegg for romoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning.»
- k) I nr. 6 skal ny bokstav f) lyde:
- «f) Forhandlere skal få tilgang til en elektronisk etikett i det formatet og med de opplysningene som er angitt i vedlegg III nr. 4, for hver modell av pakker med anlegg for rom- og tappevannoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning som er i samsvar med de sesongavhengige energieffektivitetsklassene ved romoppvarming og vannoppvarming som er angitt i vedlegg II nr. 1 og 2.»
- l) I nr. 6 skal ny bokstav g) lyde:
- «g) Forhandlere skal få tilgang til et elektronisk produktdatablad som angitt i vedlegg IV nr. 6 for hver modell av pakker med anlegg for rom- og tappevannoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning.»
- 2) I artikkel 4 vert det gjort følgjande endringar:
- a) I nr. 1 skal bokstav b) lyde:
- «b) Anlegg for romoppvarming som tilbys for salg, leie eller kjøp på avbetaling, og der det ikke kan forventes at sluttbrukeren kan se anlegget for romoppvarming utstilt, markedsføres med de opplysningene som leverandøren skal gi i samsvar med vedlegg VI nr. 1, men dersom anlegget tilbys på internett, anvendes bestemmelsene i vedlegg IX.»
- b) I nr. 2 skal bokstav b) lyde:
- «b) Anlegg for rom- og tappevannoppvarming som tilbys for salg, leie eller kjøp på avbetaling, og der det ikke kan forventes at sluttbrukeren kan se anlegget for rom- og tappevannoppvarming utstilt, markedsføres med de opplysningene som leverandøren skal gi i samsvar med vedlegg VI nr. 2, men dersom anlegget tilbys på internett, anvendes bestemmelsene i vedlegg IX.»

c) I nr. 3 skal bokstav b) lyde:

«b) Pakker med anlegg for romoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning som tilbys for salg, leie eller kjøp på avbetaling, og der det ikke kan forventes at sluttbrukeren kan se pakken med anlegg for romoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning utstilt, markedsføres med de opplysningene som skal gis i samsvar med vedlegg VI nr. 3, men dersom pakken tilbys på internett, anvendes bestemmelsene i vedlegg IX.»

d) I nr. 4 skal bokstav b) lyde:

«b) Pakker med anlegg for rom- og tappevannoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning som tilbys for salg, leie eller kjøp på avbetaling, og der det ikke kan forventes at sluttbrukeren kan se pakken med anlegg for rom- og tappevannoppvarming, temperaturregulator og solvarmeinnretning utstilt, markedsføres med de opplysningene som skal gis i samsvar med vedlegg VI nr. 4, men dersom pakken tilbys på internett, anvendes bestemmelsene i vedlegg IX.»

3) Vedlegg VI vert endra i samsvar med vedlegg IX til denne forordninga.

4) Vedlegg IX vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg IX til denne forordninga.

Artikkel 10

Endringar av delegert forordning (EU) nr. 812/2013

I delegert forordning (EU) nr. 812/2013 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 3 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 første leddet skal ny bokstav f) lyde:

«f) Ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 1.1 i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild vassvarmarmodell som er i samsvar med dei energieffektivitetsklassane for vassvarming som er fastsette i nr. 1 i vedlegg II.»

b) I nr. 1 første leddet skal ny bokstav g) lyde:

«g) Eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i nr. 1 i vedlegg IV, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild vassvarmarmodell; for modellar av varmpumpevassvarmarar skal forhandlarane minst få tilgang til det elektroniske produktdatabladet for varmegeneratoren.»

c) I nr. 1 skal nytt ledd lyde:

«Frå 26. september 2017 skal ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 1.2 i vedlegg III, gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild vassvarmarmodell som er i samsvar med dei energieffektivitetsklassane for vassvarming som er fastsette i nr. 1 i vedlegg II.»

d) I nr. 2 første leddet skal ny bokstav f) lyde:

«f) Ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 2.1 i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild varmtvassbeholdarmodell som er i samsvar med dei energieffektivitetsklassane som er fastsette i nr. 2 i vedlegg II.»

e) I nr. 2 første leddet skal ny bokstav g) lyde:

«g) Eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i nr. 2 i vedlegg IV, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild varmtvassbeholdarmodell.»

f) I nr. 2 skal nytt ledd lyde:

«Frå 26. september 2017 skal ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 2.2 i vedlegg III, gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild varmtvassbeholdarmodell som er i samsvar med dei energieffektivitetsklassane som er fastsette i nr. 2 i vedlegg II.»

g) I nr. 3 skal ny bokstav c) lyde:

«c) Eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i nr. 3 i vedlegg IV, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einiskild solvarmeinnretningmodell.»

- h) I nr. 4 skal ny bokstav f) lyde:
- «f) Ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 3 i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild modell av pakkar med vassvarmar og solvarmeinnretning som er i samsvar med dei energieffektivitetsklassane for vassvarming som er fastsette i nr. 1 i vedlegg II.»
- i) I nr. 4 skal ny bokstav g) lyde:
- «g) Eit elektronisk produktdatablad, slik det er fastsett i nr. 4 i vedlegg IV, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild modell av pakkar med vassvarmar og solvarmeinnretning.»
- 2) I artikkel 4 vert det gjort følgjande endringar:
- a) I nr. 1 skal bokstav b) lyde:
- «b) Vassvarmarar som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå vassvarmaren stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som er gjevne av leverandørane i samsvar med nr. 1 i vedlegg VI, men dersom produktet vert tilbode på internett, skal føresegnene i vedlegg X nyttast.»
- b) I nr. 2 skal bokstav b) lyde:
- «b) Varmtvassbeholdarar som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå varmtvassbeholdararen stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som er gjevne av leverandørane i samsvar med nr. 2 i vedlegg VI, men dersom produktet vert tilbode på internett, skal føresegnene i vedlegg X nyttast.»
- c) I nr. 3 skal bokstav b) lyde:
- «b) Pakkar med vassvarmar og solvarmeinnretning som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå pakken med vassvarmar og solvarmeinnretning stilt ut, skal marknadsførast med dei opplysningane som er gjevne i samsvar med nr. 3 i vedlegg VI, men dersom pakken vert tilbode på internett, skal føresegnene i vedlegg X nyttast.»
- 3) Vedlegg VI vert endra i samsvar med vedlegg X til denne forordninga.
- 4) Vedlegg X vert lagt til som nytt vedlegg i samsvar med vedlegg X til denne forordninga.

Artikkel 11

Ikkraftsetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 5. mars 2014.

For Kommissjonen
José Manuel BARROSO
President

VEDLEGG I


Endringar av vedlegga til delegert forordning (EU) nr. 1059/2010

Nytt vedlegg VIII skal lyde:

«VEDLEGG VIII

Opplysningar som skal gjevast ved sal, leige eller kjøp på avbetaling på internett

- 1) I nr. 2 til 5 i dette vedlegget tyder
 - a) «visingsmekanisme» alle skjermar, medrekna trykkskjermar eller annan visuell teknologi som vert nytta til å vise brukarar internettinnhald,
 - b) «nesta vising» eit visuelt grensesnitt der brukaren får sjå eit bilete eller informasjon etter å ha klikka med musa på, ført musepeikaren over eller trykt på eit anna bilete eller annan informasjon på skjermen,
 - c) «trykkskjerm» ein skjerm som reagerer når nokon rører han, til dømes nettbrett, tavle-PC eller smarttelefon,
 - d) «alternativ tekst» tekst som vert vist som eit alternativ til grafisk innhald, og som gjer det mogleg med ei ikkje-grafisk framstilling av informasjonen dersom visingsinnretningane ikkje kan attgje grafikken, eller som ei tilgangsstøtte, mellom anna som inndata til talesynteseapplikasjonar.
- 2) Den etiketten som leverandørane har gjort tilgjengeleg i samsvar med artikkel 3 bokstav f), skal visast på visingsmekanismen i nærleiken av prisen på produktet. Etiketten skal ha ein storleik som gjer at han er godt synleg, er lett å lese og står i høve til storleiken som er oppført i nr. 2 i vedlegg I. Etiketten kan visast ved hjelp av nesta vising, så framt biletet som vert nytta til å få tilgang til etiketten, oppfyller spesifikasjonane som er fastsette i nr. 3 i dette vedlegget. Dersom nesta vising vert nytta, skal etiketten visast ved første museklikk på biletet, eller ved å føre musepeikaren over det eller trykke på det.
- 3) Det biletet som vert nytta til å få tilgang til etiketten i ei nesta vising, skal
 - a) vere ei pil i den fargen som svarar til energieffektivitetsklassen til produktet på etiketten,
 - b) vise energieffektivitetsklassen til produktet i kvitt på pila og med same skriftstorleik som prisen, og
 - c) ha eitt av følgjande to format:


- 4) Ved bruk av nesta vising skal etiketten verte vist i følgjande rekkjefølgje:
 - a) Biletet som er nemnt i nr. 3 i dette vedlegget, skal visast på visingsmekanismen i nærleiken av prisen på produktet.
 - b) Biletet skal innehalde ei lenkje til etiketten.
 - c) Etiketten skal visast etter eit museklikk på biletet, etter at musepeikaren er ført over det eller etter at biletet er trykt på.
 - d) Etiketten skal visast i eit sprettoppvindauge, i ei ny fane, på ei ny side eller i eit skjermbilete som vert sett inn.
 - e) Ved forstørring av etiketten på trykkskjermar skal dei normale funksjonane for forstørring på trykkskjermar nyttast.
 - f) Vising av etiketten skal lukkast ved hjelp av ein lukkefunksjon eller ein annan standard lukkemekanisme.
 - g) Dersom etiketten ikkje kan framstillast grafisk, skal ein alternativ tekst vise energieffektivitetsklassen til produktet med same skriftstorleik som prisen.

- 5) Det produktdatabladet som leverandørane har gjort tilgjengeleg i samsvar med artikkel 3 bokstav g), skal visast på visingsmekanismen i nærleiken av prisen på produktet. Produktdatabladet skal ha ein storleik som gjer databladet godt synleg og lett å lese. Produktdatabladet kan visast ved hjelp av nesta vising, og lenkja som vert nytta til å opne databladet, skal då vere tydeleg og lett leseleg merkt med «produktdatablad». Dersom nesta vising vert nytta, skal produktdatabladet visast ved første museklikk på lenkja, eller ved å føre musepeikaren over eller trykkje på lenkja.»
-

VEDLEGG II


Endringar av vedlegga til delegert forordning (EU) nr. 1060/2010

Nytt vedlegg X skal lyde:

«VEDLEGG X

Opplysningar som skal gjevast ved sal, leige eller kjøp på avbetaling på internett

- 1) I nr. 2 til 5 i dette vedlegget tyder
 - a) «visingsmekanisme» alle skjermar, medrekna trykkskjermar eller annan visuell teknologi som vert nytta til å vise brukarar internettinnhald,
 - b) «nesta vising» eit visuelt grensesnitt der brukaren får sjå eit bilete eller informasjon etter å ha klikka med musa på, ført musepeikaren over eller trykt på eit anna bilete eller annan informasjon på skjermen,
 - c) «trykkskjerm» ein skjerm som reagerer når nokon rører han, til dømes nettbrett, tavle-PC eller smarttelefon,
 - d) «alternativ tekst» tekst som vert vist som eit alternativ til grafisk innhald, og som gjer det mogleg med ei ikkje-grafisk framstilling av informasjonen dersom visingsinnretningane ikkje kan attgje grafikken, eller som ei tilgangsstøtte, mellom anna som inndata til talesynteseapplikasjonar.
